

Emnenr. 3 Brynet

Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Foldereid

Emne:

Bygdelag:

Oppskr. av: P. Jæger-Leirvik

Gard:

(adresse): Sjölstad

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Det som her blir fortald har eg frå bestefar min, bonde Svein Leirvik f. 1835, frå far min, Peter P. Leirvik f. 1860 og andre pålitande kjeldor i bygda - attåt mi eiga røynsle.

1) Det vanlege ordet i bygda for bryne er "hein" (hokjønnsord). Å bryne heitte "å hein". Det var ymse bryner til ymse bruk: "Blåhein" eller "knivhein" til bryning av knivar, økser, höveltender o.l., og "jåhein" til bryning av ljå, sigd, lauvkniv o.l. gropare reidskap.

2) No blir det brukt ljåbryner både av kunststein og naturstein. Til bryning av finare verkty blir det framleis brukt bryner berre av naturstein. Her har aldri funtest naturleg brynestein i bygda. Alle slag bryner vart derfor innförd utanfrå og blir det framleis. Ljåbryner er i lange tider kome frå Beiarn i Nordland fylke. I gamal tid förde beiarværingane med seg bryner til Lofoten når dei for på fiske, og der kjøpte folk herifrå med seg bryner heim både til eige bruk og til andre som hadde tinga på föreåt. Folk som dreiv marknads-handel, fekk også tak i bryner til folk som tinga

på. Desse bryner, kjøpt på Levanger-, Trondheims- eller Rörosmarknaden, kom frå brynebrot sörafor. Men Beiar-brynene var rekna for dei beste. På marknadsplassane i Namdalen - Mælen i Overhalla og Næröya - var der og bryner å få kjøpt, og dei vart gjerne kalla "beiar-heina" anten dei var det eller ikkje. Slik var det til handelsmennene etter kvart tok til å føre bryner. "Blåhein"-fjell fantest nærare, både i Bindalen (Nordland) og på Hålonda (i Namdalen). Herifrå fekk bygdefolk no og da kjøpt bryner av lappane når dei var på flyttefot, eller frå mann til mann. Men skulle det vera riktig gode bryner, måtte det vera "næverheina" (frå Næverelv). Desse var det i gamal tid slømt å få tak i, men desse var det og helst omfarande marknadshandlarar som skaffa. Dette var til vanleg litt større, uskapa steinar slik dei kom or brynebrotet, som så bygdefolket delte millom seg etter oppdeling i høvelege bitar. Etter måten var dei dyre, og ei "næverhein" var eigaren svært redd for å miste. Ho kunne vare heile mannsalderen og ofte gå i arv. Seinare vart det også "næverheina" å få kjøpt hos handelsmennene.

3) All slags eggjarn har så langt ein veit tilbake vore kvesst på rund slipestein. Da desse slipesteinane hadde ymse gropleik, fanst det ofte fleire i ymse gropleik på kvar gard. Eller der var i alle høve i kvart grannelag ein særleg fin slipestein til kvessing av finverkty som sakser, barberknivar o.l. Den som eigde desse steinane, stod gjerne også for bruken av dei. Etter slipinga vart eggjarnet finkvesst med bryne. Det kunne gå både eitt og fleire

år millom kvar gong ein barberkniv eller eit anna fint eggjarn vart slipa,- dei finkvesste no og da med "hein;" barberkniven dertil med strykreim av lær. Dei som hadde fin slipestein og slipa fint eggjarn for andre, hadde gjerne også særleg god "Hein". Og da dertil ikkje alle kjende seg stöhåndt nok til finkvessing, var det ofte at meistersliparen i grenna laut hjelpe andre med kvessing. Betaling for slik granneteneste var det aldri tale om.

4) Ingen her har höyrd eller veit å fortelje om at ljåegga har vore uttynnt med hamar istaden for sliping. Kva tid skikken med å slipe ljåar kom hit, er det visst ikkje råd å få slått fast.

5) Ingen her har höyrd segner om at det har vore slipa på ein stein som låg still ved å före reidskapen fram og tilbake på denne.

6) Her har det i alle høve i meir enn hundrad år vore vanleg å slipe ljåen på slipestein for kvar økt. Slo dei så langt frå heimen at dei ikkje gjekk heim etter kvar arbeidsøkt, tok dei med seg fleire oppslipa ljåar. Elles var det vanleg å ha med seg ein liten slipestein i utslåttane.

7) Å bera med seg fleire slag ljåbryner i slåtten har ikkje vore vanleg her. Men det har vore vanleg å bryne ljåen først med "flasken" på brynet, som er grøvt og lausast, og etterpå fin-bryne med "kanten" som er hardare og finare. Slik var det når ein brukte naturbryne. Kunststeinbryne har gjerne to slag groppleik på same brynet.- Bruk av heimlaga bryne ("hein-stekk") er og gamalt. "Heinstekka" var laga av older og hadde handtak. (Sjå rids) Olderstikka var fasa nedi på bae sidene. Nedi denne ut-

fasinga vart det stöypt ein masse av kvae ("gorkov") og skarp sand - helst knust slipestein. For å få kvaen og sanden godt blanda, vart kvaen smelta för dei knadde inn sanden, og så rende dei den varme massen på bae sider av stikka. På kantene av stikka var det rein ved. Ved bruk av "heinstekk" (ei) tok dei först grovbryning med sidene der det var kvae-sandmasse, og finstrauk etterpå egga med dei smalaste kantane, som altså var snaue oldra. Om vinteren laga dei opp ein slump av desse brynestikkene så dei skulla vara heile höyonna. Ei tid var "heinstekka" også i handelen, laga som husflitsvare. Men no er det mange år sidan ho var i bruk.

8) Det har truleg alltid vore skikk her å ta ljåen utor orvet når han skulle slipast. Her har dei frå gamalt festa ljåen til orvet med reim og pliggar så det var lettvindt å ta han ut. Enno meir lettvindt er det no når dei fleste brukar ljåring med skruv (eller pliggar). Ved sliping av ljå vender sliparen alltid egga imot seg.

9) Stutturv har aldri vore brukt her, - berre langorv. Når ljåen skal "heinast" (brynast), blir övre enden av orvet sett i marka, og "hjule" (festeenden av ljåen vendt mot venstre skuldra slik at ljåen ligg vatsrett og peikar med odden på skrå ut framom högre skuldra. Med venstre handa held ein så ljåen, og stryk med brynet framom handa skiftevis annankvar gong på under- og oversida av egga, medan ein fyl etter med den handa ein held ljåen i kakt med ~~med~~ bryneslaga.

10-12) Til å bera brynet i hadde dei ein liten vasstett strump med vatn i hangande på "beltreima"


midt attpå baken. Denne strumpen som vart kalla "heinstrompen", var laga av tre som eit anna trekjörel og banda med tre tynne jarnband. Å bera brynet i okse- eller kuhorn er ukjent her. Dei som ikkje brukte heinstromp, bar heina i bukse-lomma.

13) Brynet blir fukta för bruk anten det er naturstein eller kunststein. I Heinstrompen, der dei hadde vatn, var brynet alltid fuktig. Elles vart det spytt på brynet, eller dei fukta det i doggvått gras. Oljefukting er ikkje brukt her. "Heinstekka" vart ikkje fukta.

14) Mjölet som blir etter bryning er her ikkje noko namn på, og det er ikkje kjent som råd mot ringorm eller anna vondt. Mjölet som blir under sliping på slipestein blir kalla slipaur.

17) Det er ikkje kjent her at brynestein blir betre ved å ligge i maurtåve eller i jorda.

18-20) Her finst inga forteljing om at brynet talar. Hellerikkje kjenner nokon her skikken med å seie noko når ein spyttar på brynet. Det finst hellerikkje reglor som vart sagt fram under kvesinga.



Heinstekk